

# **Vedtekter for samvirkeforetaket Sirlihaugen barnehage SA**

Vedtekne på årsmøte 12. april 2012. Sist endra i årsmøte 25.april 2013  
(Opprinnelge vedtekter vedtekne 23.03.1992 og revidert 31.03.2004.)

## **§1 Foretaket**

Foretaket er eit samvirkeføretak med foretaksnamnet Sirlihaugen barnehage SA

Foretaket har forretningskontor i Herøy kommune.

Foretaket er eit sjølvstendig rettssubjekt med avgrensa ansvar. Det enkelte medlem sitt ansvar er avgrensa til verdien av sin(e) innbetalte andel(ar).

## **§2 Formål**

Formålet for foretaket er å eige og drive barnehage til det beste for medlemmane og borna deira. Barnehagen skal drivast etter dei offentlege føreskrifter og retningslinjer som til ei kvar tid er gjort gjeldande.

Foretaket skal fremje medlemmane sine interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket.

Formålet er ikkje kapitalavkasting til medlemmane. Eventuelt årsoverskot skal godskrivast eigenkapitalen i foretaket. Driftsoverskot skal fullt og heilt nyttast til drifta av foretaket.

## **§3 Medlemskap / andelsinnskot**

Foretaket er ope for foreldre/føresette som får tilbod om barnehageplass i barnehagen. Når foreldre/føresette har akseptert tilbod om barnehageplass, pliktar dei å bli medlem av foretaket. Medlemskapet kan etter avtale med dagleg leiar overdragast mellom føresette som har felles born.

Medlemmane skal ikkje betale medlemskontingent.

Medlemmane heftar ikkje overfor kreditorane for føretaket sine forpliktingar.

Føresette som etter søknad takkar ja til tilbod om plass til born i barnehagen, stadfestar dette ved innbetaling av andelskapital. Innbetalt andelskapital gir rettar og pliktar som medlem.

Ein andel er pålydande NOK 2.000,- (to tusen). Det skal teiknast ein andel pr. barn som får plass i barnehagen. Andelsinnskotet skal vere betalt før medlemmen kan nytte sin rett til bruk av barnehageplass. Andelsinnskot skal ikkje forrentast.

## **§4 Utmelding**

Medlemmane seier opp barnehageplassen og melder seg ut av foretaket når ein ikkje lenger vil nytte seg av plass til born i barnehagen.

Eit medlem pliktar ved skriftleg utmelding å melde seg ut av foretaket samstundes som barnehageplassen vert oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret. Utmeldingsfristen er like lang som oppseiringstida for barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlige utmeldinga kom fram til foretaket.

Har medlemmar fleire barnehageplassar, pliktar medlemmen ved skriftleg utmelding å melde seg ut av foretaket samstundes som siste barnehageplass blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret.

Utmeldingsfristen er like lang som oppseiringstida for barnehageplassen, men høgst tre månader rekna frå den dagen den skriftlege utmeldinga kom fram til foretaket.

Ved utgått utmeldingsfrist har medlemmen krav på å få tilbakebetalt andelsinnskotet. Medlemmar med fleire barnehageplassar har krav på å få tilbakebetalt eitt andelsinnskot for kvar barnehageplass etter utgått utmeldingsfrist.

## **§5 Styret**

**Foretaket skal ha eit ansvarleg styre som skal bestå av 6 medlemmar, og i tillegg 2 varamedlemmer.**

Som hovudregel skal medlemmar til styret veljast for to år om gongen.

Vararepresentantar skal veljast for eit år om gongen. Årsmøtet kan likevel ta omsyn til behovet for kontinuitet i styret når nye representantar vert valde, og det er difor høve til å velje ein eller fleire av styremedlemane for eit år om gongen. Nye representantar tiltrer samstundes som nytt barnehageår startar.

Styret konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og sekretær. Leiar av styret har saman med ein av styremedlemane signatur i laget.

Dei tilsette skal ha to representantar i styret, desse skal veljast av arbeidstakarorganisasjonane for to år om gongen. Desse skal ha personlege varamedlemmer

Det skal førast protokoll frå styret sine møter. Protokollen skal underteiknast av styreleiar og sekretær.

## **§6 Styreoppgåver**

Styret fastset retningslinjer for drift av barnehagen, i samsvar med foretaket sine vedtekter og årsmøtet sine vedtak.

Styret skal leie verksemda i samsvar med lov, vedtekter og årsmøtet sine vedtak. Styret kan ta alle avgjersler som ikkje i lova eller vedtektena er lagt til andre organ.

Styret skal fastsetje planar og budsjett for verksemda, å orientere om budsjettet på årsmøtet. Styret har ansvaret for at rekneskapen saman med styret si årsmelding vert lagt fram for årsmøtet.

Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda i foretaket for øvrig.

Styret har arbeidsgivaransvaret i barnehagen.

Styret skal utarbeide en styreinstruks

## **§7 Dagleg leiar**

Barnehagen skal ha dagleg leiar, tilsett av styret.

Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av barnehagen, mellom anna personalansvar. Dagleg leiar skal stå for den daglege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i foretaket og skal følgje dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart enkelt tilfelle eller når det er til vesentlig ulempe for foretaket å vente på styrevedtak. Styret skal ha melding om avgjerdsla så snart som mulig.

Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gi styret melding om verksemda i føretaket, tilstand for foretaket og resultatutviklinga. Styret og det enkelte styremedlem kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gjer nærmare greie for bestemte saker.

## **§8 Årsmøte**

Årsmøtet er foretaket sitt øvste organ.

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april månad. Skriftleg innkalling, med minst 14 dagars varsel skal gå til alle som er registrerte medlemmar. Sakliste skal vere vedlagt innkallinga.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når det vert vurdert som nødvendig, eller når minst ein firedele av medlemmane krev det.

På det ordinære årsmøtet, som vert leia av styret sin leiar, skal mellom anna følgjande saker handsamast:

- a) Godkjenning av driftsrekneskap og årsmelding.
- b) Val av styrerepresentantar
- c) Val av revisor (når denne er på val)
- d) Eventuelle vedtektsendringar

Det skal førast protokoll for årsmøtet. Protokollen skal underteknast av møteleiar og ein person valt av årsmøtet, og distribuerast til alle medlemmane.

Eit medlemsskap gir rett til ei stemme. Eit medlem kan med skriftleg og datert fullmakt, røyste for fleire medlemmar på årsmøtet. Men ein kan ikkje røyste for meir enn eit medlem i tillegg.

## **§9 Vedtektsendring**

Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtall av dei avgitte stemmene med mindre samvirkelova stiller strengare krav.

## **§10 Opploysing og avvikling**

Opploysing av foretaket skal avgjerast av årsmøtet med same fleirtall som gjeld for vedtektsendringar (2/3).

Foretaket sine medlemmar har rett til å få utbetalt sine andelsinnskot dersom det er midlar i foretaket etter at det har dekka sine forpliktingar.

Gjenverande midlar utover dette skal gå til samvirkeformål eller allmennytige formål.

## **§11 Forholdet til lov om samvirkeforetak (samvirkelova)**

Dersom ikkje anna følgjer av vedtekten, gjeld lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29.06.2007 nr. 81.